



Det kongelige kunnskapsdepartement

Dykkar ref.

Vår ref.

2013/2255 - 26323/2013

Saksh. – tlf.

Nina Høiem - 55 09 72 35

Dato

06.12.2013

Svar på høyring – Forslag til endringar i opplæringslova, privatskulelova og folkehøgskulelova.

Saka vart handsama i «Komité for drift» 3. desember 2013. Komiteen gav sin tilslutning til administrasjonen sine kommentarar i saka.

Vurdering/svar på høyringa frå Fjell kommune:

- ◆ Fjell kommune er oppteken av å sikre god kvalitet på alle nivå i skulen. Kommunen ser at det er naudsynt å ha gode system for å sikre at skulane vert drivne i samsvar med opplæringslova. Ei presisering av dette i lovs form, er derfor ynskjeleg. Fjell kommune støttar forslaget til ny tekst i § 13 – 10, slik det ligg i forslaget.
- ◆ Fjell kommune ynskjer forslaget om å fjerne krav om sakkunnig vurdering ved opptak til vidaregåande skule for elevar med rett til særskilt språkopplæring – velkommen. Dette vil frigjere tilsette i pedagogisk/psykologisk teneste, slik at dei kan prioritere sakkunnig vurdering av alle barn/unge som treng naudsynt oppfølging i skulen, uavhengig av nasjonalitet. Fylkeskommunen sin kompetanse på kartlegging av minoritetsspråklege er så god og grundig, at det er unødvendig å bruke PPT for å vurdere om eleven har behov for ekstra tid i vidaregåande skule.
- ◆ Fjell kommune har ingen kommentar til fylkeskommunen sitt ansvar i høve lovfesting av grunnskuleopplæring for innsette i fengsel.
- ◆ Fjell kommune meiner det er svært viktig å innføre tiltak for å sikre personvernet til elevar på alle nivå. Fjell kommune støttar derfor i hovudsak forslaget til ny § 14 – 4, med den innvending at den reservasjonsrett for den enkelte til bruk i forskning som nytt femte ledd foreslår, kan bli problematisk for vidare utvikling av skulen, dersom

mange nyttar seg av reservasjonsretten. Elles støttar Fjell kommune framlegget til dei endringar i teksten som presiserer bruken av personopplysningar.

- ◆ Fjell kommune ser svært god nytte av den informasjon som i dag finnast på VIGO (sentralbase for vidaregåande opplæring). Kommunen har tilsett svært mange lærlingar, særleg i helse/sosial sektoren og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Dei fleste av lærlingane som er i arbeid her, har kommunen «henta» i VIGO. Mange vert rekruttert til vidare arbeid i Fjell kommune sine mange bedrifter. Så lenge ei presisering av behandling av personopplysningane i systemet både frå ungdomsskulane til vidaregåande opplæring - og motsett veg, ikkje fører til at bruk av systemet blir vanskeleggjort, støttar Fjell kommune forslaget til lovendring. Å innhente samtykke frå den enkelte elev, må gjerast på ein måte som medfører minst mogleg byråkrati, og da i samband med den oppfølging som rådgjevar på skulen i dag skal ha med den enkelte elev.
- ◆ Fjell kommune støttar forslaget om å kunne krevje politiattest for tilsette i folkehøgskular - det er særskilt viktig å gjere det ein kan for å bidra til å forhindre overgrep. Alle tilsette i arbeid med barn og unge bør derfor omfattast av kravet.

Fjell kommune ser kort sagt positivt på endringane som vert foreslått.

Med helsing

Steinar Nesse
Rådmann

Wilhelm Anglevik
Skulesjef